



BYKLE IDRETTSLAG

Protokoll - Årsmøte 2022

Bykle Samfunnshus
Onsdag 06.04 2022 kl.18.00

15 personer møtte.

Saksliste:

1. Konstituering av møtet:

- Godkjenning av dei med stemmerett. Alle vart utan å ha opprop, vurdert til å ha stemmerett. Samrøystes.
- Val av ordstyrar. Olav Mandt vart vald til ordstyrar.
- Val av referent: Gro Merete tveiten vart vald til referent
- Siv Jeiskelid og Ingebjørg Dyrland vart vald til å skrive under protokollen

2. Godkjenning av innkalling og saksliste

Ingen merknader

3. Godkjenning av årsmelding for 2021

Orientering om årsmeldinga frå styret.

Også i 2021 var det i perioder noko redusert aktivitet på innandørs treningar pga Korona.

Støyledalslämi og HovdenTour vart avlyst pga Korona. Colorlinerittet vart gjennomført 23.08.2021

Vedtak: Årsmeldinga vart samrøystes godkjent

4. Godkjenning av rekneskap 2021

Gjennomgang av driftsregnskapet for 2021 med inntekter på kr 273 785.- og utgifter på kr 287 885.- Etter finansinntekter på kr 669.- har ein eit underskot på kr 13 431.-

Underskott dekkast frå eigenkapital.

Balanserapport syner eigenkapital på kr 668 352 pr 31.12.2021.

Ca 200 000 er bunde opp mot prosjekt så frie midler er ca 470 000.-

Laget har god økonomi. Eigenkapitalen er også solid,

Laget fekk kr 434 758.- i MVA refusjon i juni 2021 for nytt Servicebygg

Kontrollutvalet har revidert og godkjent rekneskapet.

Vedtak: Rekneskap for 2021 vart samrøystes godkjent.

5. Melding frå Kontrollutval

Kontrollutval har revidert og godkjent regnskapet



6. Budsjett for 2022

Gjennomgang av styrets sitt forslag til drifts budsjett 2022 med inntekter på kr 346 000.- og utgifter på kr 346 000.- I dette ligg sponsorinntekter på kr 55 000.- for nye klubbdrakter i 2022 og same beløp for reduserte priser til medlemmer.

Vedtak: Framlegg til driftsbudsjett for 2021 vart samrøystes vedtekje.

7. Medlemskontingent 2022

Styret foreslår å vidareføre års kontingent på kr 150.- for enkelt medlemmer og kr 300.- for familiemedlemmer.

Vedtak: Kontingent på kr 150.- for enkeltmedlemer og 300.- for familier vart samrøystes vedtekje

8. Treningsavgift

Styret foreslår å vidareføre at ein ikkje har treningsavgifter.

Vedtak: Samrøystes vedtekje.

9. Innkomne saker og framlegg:

Det har kome spørsmål om utmelding frå:

- Norges Cykleforbund og
- Triatlon forbundet

Dette då laget ikkje har nokon som driv aktivt på eit nivå der ein treng slikt medlemskap.

Medlemskap medfører både utgifter og arbeid med rapportering etc.

Fleire i laget som løyser lisens for trening og konkurranser. For kunne dette må laget vera innmeldt i forbunda.

Framlegg til vedtak: Bykle IL held frå som medlem av desse to forbunda.

Vedtak: Samrøystes vedtekje.

10. Fullmakter til styret

Styret får fullmakt til å utnemne representantar til ting og møte i dei organisasjonsledd idrettslaget har representasjonsrett (idrettskrets, skikrets og idrettsråd)

Vedtak: Årsmøtet gjev styret denne fullmakt


11. Val av styre, gruppeleiarar, kontrollutval, mat- og valkomité

Framlegg frå Valnemd:

	Årsmøte 2021		Årsmøte 2022 – Valg		*Framlegg frå valnemd til årsmøte 2022
	Valperiode	Valde	*Desse er på val	Ny valperiode	
Styret*					
Leiar	2021	Olav Mandt	X	2022	Olav Mandt
Nestleiar	2021	Ole Henrik Trydal	X	2022	Ole Henrik Trydal
Kasserar	2020-2021	Petra Marie Trydal	X	2022 - 2023	Petra Marie Trydal
Sekretær	2021-2022	Gro Merete Tveiten	-	-	Ikkje på val
Styremedl	2020-2021	Ingunn Jegteberg	X	2022 – 2023	Ingunn Jegteberg
Styremedl	2021-2022	Ingebjørg Dyrland	-	-	Ikkje på val

* Leiar og nestleiar veljast for eit år. Resten av styret for 2 år.

** Alle gruppeleiarar og komitear veljast for eit år.



Valle Sparebank

- allstøtt med deg

Gruppene**	**På val	2021	Framlegg frå valnemd for 2022
Langrenn/ alpint	X	Ingunn Jegteberg/ Tobias Nomeland-Strømsøe	Ingunn Jegteberg/ Tobias Nomeland-Strømsøe
Friidrett	X	Gro Merete Tveiten/Linda Dypedal	Gro Merete Tveiten/Linda Dypedal
Trimgruppe	X	Ingebjørg Dyrland	Ingebjørg Dyrland
Turgruppe	X	Olav Mandt	Olav Mandt
Fotball	X	Hege Cecilie Trydal	Oddbjørn Breive
Sykkel	X	Eivind Andre Moe	Eivind Andre Moe
Barnetrim	X	Lill Kristin Kili	Lill Kristin Kili
Triatlon	X	Steinar Haugen	Steinar Haugen
Mat og valkomite			
	X	Areita Diann Clementson	Areita Diann Clementson
	X	Lill Kristin Kili	Lill Kristin Kili
Leiar	X	Ann-Katrin Bakke	Ann-Katrin Bakke
Kontrollutv			
Leiar	X	Olav Mosdøl	Olav Mosdøl
Styre medl	X	Elise Mosdøl	Elise Mosdøl
Styre medl	X	Lars Erik Domaas	Lars Erik Domaas

Framlegg frå valnemd vart samrøystes vedtekje.

12 Fleirbrukshall i Bykle.

Styret fekk på årsmøtet 2021 i oppdrag å sjå på fleirbrukshall med padelbaner, skaterampe etc. Eventuelt i område Sarvsdam med Zipline, rappelling og ol.

Ein har sett på fleire lokaliseringar. Dersom nærleik til Sarvsdam er det industriområdet som pekar seg ut. Men styret har konsentrert seg om innhaldet i hallen og kome fram til forslag om plassering i Nedre Sarv. Denne plassering har føremoner, men også utfordringar bl a med auka trafikk i byggjefelt.

Ein foreslår derfor å vurdere ny vegløyning frå YX området.


Forslaget betyr også at nåverande klubbhus og truleg også ballbinge må rivast.

Plankontoret i Valle ved Hallvard har utarbeidd ideskisse med hall på 15 x 35 m for 1 padelbane, skaterampe og klatrevegg i plan 1. og Messanin etasje med klubbaktiviteter, golfsimulator etc.

Tilbygg i to plan med tekniske rom, garderober, lager etc samt trapp og heis for å ivareta Generell utforming.

Ideskissa er eit førebels utkast der romløyningar og plassering ikkje er noko endeleg.

Styret vedtok i styremøte 30.03.22 at ein ynskjer styrkerom då eksisterande i Samfunnshus til tider er for lite.



Tekniske løysingar.

Plan kontoret kom med forslag om å byggje i massivtre. Fyresdal bygde idrettshall i massivtre i 2019/ 2020 og er godt nøgd med denne.

Idretts laget ynskjer å vera i front vedr byggje tekniske og energiøkonomiske løysingar.

Ein vil derfor vurdere solceller og bergvarme med elektrokjele som energi lager. Ei målsetting er å produsere meir energi enn ein brukar.

Slike løysingar gjev større investeringer men rimlegare drift. Det er offentlege tilskott til energi økonomiske løysingar.

Drift og drifts kostnader kan vera ei utfordring.

For meir detaljer sjå ideskisse av 28.03.2022 og notat om plasseringsalternativ av 02.04.2022.

Kva meiner årsmøtet om vidare prosess?

Vedtak: Styret får fullmakt til å gå vidare med prosjektet for å utarbeide kalkyler etc.

- 13. NM langrenn del 2.** Bykle IL har i fleire år saman med Hovden Sportsklubb og Hovden Skigymnas søkt om NM del 2. For 2024 vart dette tildela Lillehammer. Neste moglegheit er 2025 med søknadsfrist hausten 2022. **Ein må vurdere om ein vil søkje for 2025.**


Ei ny utfordring er at Skiforbundet forventar eit renn på tilsvarande nivå med TV dekning 1 -2 år før NM. Dette for å få erfaring og vise at ein håndterer dette. Det er også utfordring med nok overnattings senger. Ein treng alle dei 1000 – 1200 som er i området inkl Haukeli/ Vågsli. Hovden Alpin disponerer ca 400 og ynskjer i hovudsak ikkje å frigjera desse for langrenn, bortsett frå arrangement som er etter påske

Ynskjer årsmøtet at ein skal halde fram med å søkje NM del 2? Alternativ er Norgescup junior som ein har hatt fleire gonger, men også her kan overnatting vera vanskeleg.

Vedtak: Bykle IL vil vera bidragsyter og støttespiller i ein eventuell vidare prosess, men forutset at Hovden Sportsklubb har initiativet og leiinga av eventuelle søknader.

14 Orienteringer:

- 14.1 Kontingent via medlemsregister.** Laget bruka for første gong medlems systemet til å sende ut kontingentkrav. Det er 240 medlemmer. 101 fakturaer for familie og enkelt medlemmer vart sendt ut 06.05.21. med betalings påminnelse 05.09.2021 til dei som ikkje hadde betala.
- 14.2 Nytt servicebygg – Nedre Sarv 26 – status.** Servicebygget fekk ferdigattest frå kommunen 11.02.2021. Toalettet er ope for allmenn bruk. Ein har sett opp retningslinjer slik at ungdom kan bruke klubbrom. Toalettet er med kommunen sin i reingjerings turnus.
Økonomi. Ein kom godt ut her. Totalkostnad på kr 2 515 000 vart finansiera med kommunale tilskott, spillemidler, MVA refusjon og tilskott frå HovdenTourAS. Idrettslagets eigendel vart kr 43 000.- pluss dugnad som ikkje er berekna.
- 14.3 Støyledalslåmi og Hovden Tour.** Båe vart avlyst i 2021 pga Korona, men arrangera i 2022. HovdenTour med 1201 påmeldte. Noko ned i høve til det vanlege på 1600 – 2000. Støyledals låmi hadde også færre deltakerar i 2022.



14.4 Tursti Jarekollen og Dagsturhytte.

I starten av februar 2021 kom det opp at Sparebanken Sør hadde tursti midlar der ein kunne søkje om tilskott til prosjekt.

I forbindelse med eventuell Dagsturhytte på Jarekollen såg ein behov for utvida parkeringsplass og og tenkte også opparbeiding av utsiktspunkt ved Kileleitet samt betre sti opplegg til toppen.

Ein fekk kr 53 500.- frå Sparebanken Sør og kr 100 000.- frå Valle Sdparebank.

- Parkeringsplass og rasteplass med tilkomst er opparbeidd hausten 2021 på Kileleitet av Uleberg og Trydal
- Merking og rydding av stiar samt skilting av opplegget står att.
- Har kome signal frå Fylket at dagsturhytte kjem hausten 2022.

Etterpå var det premie utdelinger og servering frå matkomiteen

14.5 Hjertestartere. 2 stk er innkjøpt med plassering i Nedre Sarv 26 og Skistoge. Heile styret hadde førstehjelps/ HR kurs(3 t) med bruk av hjertestartere.

14.6 Løyper i Støyledal. Kommunen har starta arbeid med avtaler for løype i Støyledalen.

14.7 Klubbdrakter 2022. Styret er i gang med nye klubbdrakter i 2022. Ein har fått inn kr 55 000.- i sponsormidler som brukast til å subsidiere pris til medlemmer.

14.8 Sømjing. Idrettslaget har teke på seg badevakter vinter 2022 i ny opp pussa basseng. Men ynskjer at kommunen tek dette frå hausten.

14.9 Tour Of Norway fredag 27.05.2022. I februar fekk idrettslaget førespurnad om å stille vakter og sa ja til dette. Det er 15 – 20 vakter mellom Berdalsbru og Bjørnarå. 4. etappe går frå Hovden til Kristiansand med start kl 12.40. Dette er eit av dei største sykkel ritta i Norge med TV, helikopter og mykje rundt .

Bykle 06.04.2022

Gro Merete Tveiten (referent)

Siv Jeiskelid

Ingebjørg Dyrland